

Ståle Svenheim  
Smedbrekka 10  
5936 Manger

Alver kommune

**Saksnr 20/14292**

**Svar på brev av 19.08.2020**

**31.08.2020**

I det nevnte området, er opplysningane om dumping av trevirke og hageavfall, delvis riktige. Delvis fordi, både me, og nær samtlige av andre bebuarar i nedre og øvre Vågen, også har bidratt til dette.

Dette har skjedd i mange år, og bakgrunnen for oppsamlinga, er materiale til eit jonskokbål, bebuarane i Mangersvågen har hatt tradisjon for å brenne, helga rundt St.hans. Naboane har samlast til feiring. Me vel å nevne at det er heller ikkje så mange år sidan Radøy kommune sjølv kjørte eit stort lass med greiner til staden.

I 2020, var det av fleire grunnar uforsvarleg å brenne bål. Det var svært tørt, og korona-situasjonen oppfordra ikkje akkurat til forsamlingar.

Det har i fleire år vert snakk i mellom naboane om å «gjere det fint» på staden, nede ved nausta. Me støttar sjølvsagt dette, men formell oppretting av «Vågen VEL» har aldri skjedd, og skulle noko slikt verte til, vil det jo bli spørsmål om økonomi, for å gjere nødvendig arbeid.

Me tek no på oss å fjerne diverse trevirke og hageavfall(greiner), og «rydde opp» på staden.

Utover dette, tek me då ikkje på oss vidare stell av staden, og ber om at kommunen greier ut kva som skal skje med området. Me tillet oss også å spørje om problematikken med kloakkrøyret som ligg heilt oppe i dagen, med avløp rett nedanfor området de vil ha rydda opp. Me håpar problema med Mangerspollen, og det altfor høge innløpet, ein feil som blei gjort i forbindelse med legginga av kloakkrøyret, vert retta opp att, så snart som råd.

Med venleg helsing

Ståle og Ingvill Svenheim